

# BOKN KOMMUNE

## Sakspapir

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Seniorråd/råd for eldre og funksjonshemma	30.10.2018	033/18
Formannskapet	30.10.2018	062/18

Saksansv. Jan Erik Nygaard	Arkiv K1 - 145	Arkivsaknr 18/257
----------------------------	----------------	-------------------

### Rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel - framlegg til planprogram

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet godkjenner med heimel i § 4-1 i plan- og bygningslova framlegg til planprogram dagsett 19.10.2018 for rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel. Planprogrammet vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i minst 6 veker saman med varsel om oppstart av planarbeidet.

#### **Seniorråd/råd for eldre og funksjonshemma 30.10.2018:**

##### **Behandling:**

##### **SB- 033/18 Vedtak:**

Rådet tek planen til orientering.

#### **Formannskapet 30.10.2018:**

##### **Behandling:**

##### **FS- 062/18 Vedtak:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart einstemmig vedteke.

##### **Kva saka gjeld:**

Framlegg til planprogram knytt til oppstart av arbeidet med å rullere kommuneplanen sin samfunnsdel.

##### **Bakgrunn for saka:**

Bokn kommunestyre vedtok i sak 031/18 å starte arbeidet med rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel.

Rådmannen fekk i samband med dette fullmakt til å setje i verk dei naudsynte tiltaka for å organisere arbeidet med planprogrammet, med sikte på at dette kan sendast ut på høyring saman med varsel om oppstart av arbeidet i inneverande år.

I samsvar med kommunestyret sitt vedtak, har den administrative arbeidgruppa laga framlegg til planprogram, som med dette vert lagt fram for politisk godkjenning.

#### **Saksutgreiing:**

Det skal i fylgje § 4-1 i plan- og bygningslova utarbeidast eit planprogram for alle regionale og kommunale planar samt for reguleringsplanar som kan ha vesentlege verknader for miljø og samfunn. Dette omfattar også samfunnsdelen av kommuneplanen, og endringar av denne.

Føremålet med planprogrammet er å få ein oversiktleg og føreseieleg planprosess for alle som vert råka av planen, og å fastsetje rammer for utgreiingsarbeid som evt. skal gjennomførast som del av planprosessen.

Planprogrammet skal gjere greie for føremålet med planarbeidet, og skal danne grunnlag for det etterfylgjande arbeidet med planen, samt beskrive framdrift og opplegg for medverknad og informasjon. Forslag til planprogram skal sendast ut på høyring og offentlig ettersyn i minimum 6 veker saman med varsel om oppstart av planarbeidet.

Planprogrammet vert ordinært fastsett av planmyndigheita, i dette tilfellet av Bokn kommune. Planprogrammet er sist dagsett 16.10.2018.

#### **Vurdering:**

Etter rådmannen si vurdering, oppfyller planprogrammet dei formelle krav til eit slikt dokument, og inneheld oversyn over dei aktuelle utgreiingar og analyser som må gjerast i det vidare arbeidet. Planprogrammet vert vurdert å leggje eit godt grunnlag for den vidare planprosessen.

#### **Vedlegg:**

Dok.nr	Tittel på vedlegg
24.10.2018	Planprogram for samfunnsdelen av kommuneplanen for Bokn kommune